

# Nordfjord Golfklubb

---

## Årsmelding for sesongen 2019

Årsmøte 06.02.2020

### Styret i 2019

- Leiar: Kent Tryggestad
- Nestleiar: Jan Skogstad
- Sekretær: Joar Sæten
- Kasserar: Helge Haugland
- Styremedlem: Tore Henning Naustdal
- Styremedlem: Frode Nord
- Vara: Agnar Kvalsund
  
- Grunneigar: Svein Fjørtoft
- Grunneigar: Stephan ter Stege

### Styremøte 2019:

Styret har gjennomført 4 styremøte i 2019. Styret har fungert godt og har utført mykje godt arbeid gjennom året, der noko er synleg, mens anna er mindre synleg. Det vart vist til årsmelding frå styreleiar og dei forskjellige leiarar for komitear.

### Styreleiar har ordet.

Det mest positive med 2019 er at vi endelig har snudd trenden med medlemstalet. Flott at vi har fått med mange unge, og dette har vart en satsing som har gått over mange år og nå endelig gir resultater.

Garasjen er på det nærmeste klar, og vi har nå fått et tjenelig bygg med plass til alle maskiner under tak og ikkje minst kontor.

Som vanlig er det lagt ned en formidabel dugnadsinnsats, dette er grunnlaget for at vi lykkast i lag!

Økonomisk har vi også god kontroll, og dette gir oss mulighet til å fornye maskinparken.

Vi har i bestilling en relativt ny semirøffklippar, denne skal være på plass til sesongstart. Golfsimulatoren er allerede en stor suksess, og dette håper og trur vi også skal hjelpe på rekrutteringa framover.

Artig å holde golfen ved like gjennom vinteren, og plasseringa på hotellet er perfekt.

Lykke til med sesongen 2020.

Kent Tryggestad  
Styreleiar

## Marknadsarbeid:

Marknadsarbeidet har vore ivareteke i styret sitt arbeid. Arbeidet med å skaffe sponsorar har i året 2019 gjeve godt resultat. Dette arbeidet burde vært eiga gruppe og styret ser at her kunne vært utført mykje meir – både for å hente sponsorar og prosjekt samt handtere og følgje opp sponsorane gjennom året.

- Styret viser til [www.norgolf.com](http://www.norgolf.com) for oversikt av samarbeidspartnerar.

*Styret i NGK*

## Banekomitéen

Vi fikk nok ein vinter der greenane blei dekt av is. Det tok tid før vi kunne starte arbeidet med å få vekk isen, men det viste seg at dei hadde klart seg godt. Greenane blei stikklufta men vi hadde ikkje på sand denne gangen. Vatningsanlegget funka ikkje på automatisk vatning men måtte vatne manuelt. Det skal være fiksa no, så håpar det fungerer ved oppstart 2020. Vi fikk mykje skryt for flotte greenar gjennom heile sesongen. Det blei kalla inn til dugnader før bana skulle åpne der oppmøte var 6-9 stk pr dugnad. Då blei det vanlige arbeidet gjort for å få åpna bana i tillegg til å gjere ferdig grøftearbeidet som var oppstarta året før. God innsats gjorde at vi tidlig i sesongen fikk ei flott bane. Det blei innkalla til dugnad før Maurstad Open der det blei gjort ein fantastisk jobb. Utrulig kjekt å få tilbakemeldingar frå så mange spelarar utanfrå klubben på kor flott bana var.

Klippeteama og vedlikehold av maskinene har fungert veldig bra. Alle er positive til arbeidet og bana blei av og til klipt oftare enn nødvendig. Det viser kor opptatt vi er av å ha ei flott bane. Veldig bra!!!

Ellers gjennom sesongen blei resten av kunstgraset lagt ut i skråninga på rangen, maling av bruene utført, flytta nettet på hol 1. Det vi ikkje fikk til som sto på planen var å fikse øvingsgreenen.

Øverst på lista over arbeid 2020 er å fikse øvingsgreenen. Der er vi allerede i gang med å få noken til å utføre arbeidet. Vi må og gjere noke med kanalen mellom hol 8 og 9. I første omgang sprøyting så vurderer vi andre tiltak seinare. Utslaga på rangen skal delast opp i båsar og nytt info skilt skal settast opp på parkeringsplassen. Vi set i gang med dei vanlige dugnadane før sesongstart så fort som mulig.

Håper at alle som er i klippeteama stiller neste år og. Er det noken andre som vil vere med på desse så tar vi imot dåkke med stor takk.

*Leiar for banekomiteen, Tore H. Naustdal*

## Medlemsoversikt pr. januar 2020:

- Damer – 33 – herav 0 under 19 år
- Menn – 152 – herav 23 under 19 år

**Det vil seie totalt 185 (169 i 2019) medlemmar**

**Valnemnda:**

Valnemnda viser til årsmelding over og sluttar seg til det som er nemnd, samtidig som valnemnda vil gje sin honnør til alle som har arbeidd for klubben dette året. Valnemnda er imponert over kva som er utført på dugnad. Nemnda vil også takke for den velvilje det er til å stille opp for styre og komitéarbeid.

Lykke til med 2020 sesongen!

*Jens Christian Botn, leiar*

*Kent Tryggestad, leiar Nordfjord Golfklubb*

-----